



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
2ed0c9c7-ecbe- 48e5-9e2b- 12f26611a741	26/314-3 /ELITVE/26/10994	FA-S11	24.03.2026

Uttale til søknad om regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk

Kommunestyret har i møte 18.03.2026 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 017/26:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk, på følgjande vilkår:

1. Det skal takast omsyn til villrein i utbyggingsperioden.
2. Det må gjerast tiltak for å forbetra gytetilhøve for auren i Halvfjerdingsvatnet.
3. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.
4. Rydding av boss frå utbygginga etter anleggsperioden.
5. Det skal settast opp informasjonsskilt om reguleringa med tanke på advarsel mot ferdsel på regulert vatn.

Helsing

Elisabeth Pettersen Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no



Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	04.03.2026	017/26
Kommunestyret	18.03.2026	017/26

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	26/314 – 2
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	26/4423

Uttale til søknad om regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk

Vedlegg
Høyring av søknad om regulering av Halvfjerdingsvatnet og endra slukeevne i Ekkjestølen kraftverk.pdf
Småkraft AS – søknad Halvfjerdingsvatnet og Ekkjestølen kraftverk.pdf

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Vassdragsreguleringslova

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk, på følgjande vilkår:

1. Det skal takast omsyn til villrein i utbyggingsperioden.
2. Det må gjerast tiltak for å forbetra gytetilhøve for auren i Halvfjerdingsvatnet.
3. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.
4. Rydding av boss frå utbygginga etter anleggsperioden.

5. Det skal settast opp informasjonsskilt om reguleringa med tanke på advarsel mot ferdsl på regulert vatn.

Kommunestyret 18.03.2026

Framlegg, sett fram av Lisa Karine Haugland, Raudt

Nytt forslag til vedtak:

Ullensvang kommune rår i frå at NVE gjev Småkraft AS løyve til regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk.

Grunngjeving:

Fv 520 med Halvfjerdingsvatnet er en del av de Nasjonale turistveger som skal tilby de reisende gode opplevelser med spesielle attraksjoner og særegne naturopplevelser som vil bidra til å øke den totale reiseopplevelsen. Formålet med Nasjonale turistveger er å gjøre Norge til et mer attraktivt reisemål, og på den måten bidra til å styrke næringslivet og bosettingen i distriktene. Det er registrert leveområde for villrein på begge sider av dalen for Fv 520. Villreinen er spesielt sårbar for nye inngrep og forstyrrelser.

En regulering av Halvfjerdingsvatnet vil medføre en 25 m lang og 3 m høy betongdemning som skal reguleres 3m opp og ned samt permanent vei på 50 – 80m og redusert vannføring nedstrøms dammen. Etablering av inntak i Halvfjerdingsvatnet vil utgjøre et vandringshinder for ørret og forringe gyteområde for fisk nedstrøms vatnet.

Landskapsverdien blir redusert siden landskapet ikke forblir urørt. Det blir også en endring på minste og største slukeevne i Ekkjestølen kraftverk slik at det blir mindre vann i dalen fra inntaket og ned til kraftstasjonen.

Habilitet:

Tor Helge Tjemsland stilte spørsmål om egen habilitet og informerte om bakgrunnen for dette:

- Nabo med son til den eine eigaren (usikker om eigarskap er overført til sonen).
- Barndomsvenn med dotter/son til den andre eigaren (usikker om eigarskap er overført til borna).
- Han er leiar av felles jaktfelt (hjort). Altså er hans eigedom innmeldt i same jaktfeltet.)
- Han har tidlegare drevet aktiv fiskekultivering på eigedommen kor reguleringsmagasinet er tenkt.().

Kommunestyret vedtok samrøystes at vedkomande var inhabil jfr. fvl.§6, andre ledd

Det møtte ikkje vara under behandling av saka.

Røysting:

(32 til stades i salen)

Tilrådinga frå utval for samfunn, plan og næring vart vedteke med 26 røyster, framlegget frå Lisa Karine Haugland fekk 6 røyster (Hansen, Vangen, Forstrøm, Kollbotn, Haugland, Backer-Owe) og vart ikkje vedteke.

KST – 017/26 Vedtak

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk, på følgjande vilkår:

1. Det skal takast omsyn til villrein i utbyggingsperioden.
2. Det må gjerast tiltak for å forbetra gytetilhøve for auren i Halvfjerdingsvatnet.
3. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.
4. Rydding av boss frå utbygginga etter anleggsperioden.
5. Det skal settast opp informasjonsskilt om reguleringa med tanke på advarsel mot ferdsel på regulert vatn.

Utval for samfunn, plan og næring 04.03.2026

Framlegg konsekvensutgreiing, sett fram av Jarle Vangen, Arbeidarpartiet

Forslag:

Ullensvang kommune mener tiltaket ikke samsvarer med føringene som gjelder for Nasjonale turistveger og ønsker ikke at konsesjon blir gitt.

Grunngjeving:

Fv 520 med Halvfjerdingsvatnet er en del av de Nasjonale turistveger som skal tilby de reisende gode opplevelser med spesielle attraksjoner og særegne naturopplevelser som vil bidra til å øke den totale reiseopplevelsen. Veien skal gå gjennom landskap med unik natur, langs kyst og fjorder, fjell, vann og fosser.

Røldalsfjellet (fylkesvei 520) er en spektakulær, smal fjellovergang mellom Sauda og Røldal, og er muligens den fineste delen av Nasjonal Turistveg Ryfylke.

En regulering av Halvfjerdingsvatnet vil medføre en 25 m lang og 3 m høy betongdemning som skal reguleres 3 m opp og ned samt permanent vei på 50 – 80m og redusert vannføring nedstrøms dammen. Landskapsverdien blir redusert siden landskapet ikke forblir urørt. Det blir også en endring på minste og største slukeevne i Ekkjestølen kraftverk slik at det blir mindre vann i dalen fra inntaket og ned til kraftstasjonen.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart tilrådd med 9 mot 4 røyster (B.Bjotveit, L.K.Haugland, A.Forstrøm, J.Vangen), mindretalet røysta for endringsframlegg frå Jarle Vangen (AP).

USPN – 017/26 Vedtak

Tilråding:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk, på følgjande vilkår:

1. Det skal takast omsyn til villrein i utbyggingsperioden.
2. Det må gjerast tiltak for å forbetra gytetilhøve for auren i Halvfjerdingsvatnet.
3. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.
4. Rydding av boss frå utbygginga etter anleggsperioden.
5. Det skal settast opp informasjonsskilt om reguleringa med tanke på advarsel mot ferdsel på regulert vatn.

Saksopplysningar:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt søknad frå Småkraft AS på høyring. Fristen for å koma med uttale er 30.04.2026. Småkraft AS søker om løyve til å regulera Halvfjerdingsvatnet 3 meter mellom høgaste regulerte vasstand (HRV) på kote 904, og lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 901. Normalvasstanden er 902 moh. For å utnytta restkapasiteten i eksisterande elektromekanisk utstyr vert det òg søkt om å redusera minste slukeevne frå 150 l/s til 35 l/s, og om å auka største slukeevne frå 980 l/s til 1100 l/s. Føreslått minstevassføring forbi planlagt dam i Halvfjerdingsvatnet er 75 l/s i perioden 01.06–31.08. Det samla tiltaket er venta å auka kraftproduksjonen med 2,8 GWh/år.

Det er planlagt ein betongdam på 3 x 25 m. Frå FV 520 er det planlagt å anlegga ein permanent veg på 50–80 m til dam Halvfjerdingsvatnet.

Vurdering:

Det vil ikkje bli endringar av verken vassveg eller kraftstasjonen i samband med dei omsøkte tiltaka. Endringa i største og minste slukeevne aleine vil gje ei årleg produksjonsauke på 0,4 GWh.

Villrein:

Det er registrert leveområde for villrein gjennom heile året på begge sider av dalen for Fv 520. Halvfjerdingsvatnet ligg delvis inntil bratte fjellsider.

Rådmannen meiner utbyggjar må ta omsyn til villrein i utbyggingsperioden.

Landskap og friluftsliv:

Normalt sett er Halvfjerdingsvatnet islagt i perioden 01.12–15.03. Isdekket på Halvfjerdingsvatnet vil bli noko påverka av omsøkt regulering. Magasinet vil bli fylt opp til HRV ca. 1. oktober. Vasstanden vil truleg vera lågast i mars/april. Det skal settast opp informasjonsskilt om reguleringa med tanke på advarsel mot ferdsel på regulert vatn.

Regulering av Halvfjerdingsvatnet vil gje endra vassføring nedstraums dammen. Landskapsverdien vert redusert sidan området ikkje forblir urørt. Minstevassføringa vil framleis gje noko vatn i elva, og det vil framleis vera flaumar som går over terskelen i dammen.

Ekkjeåna er ein bekkedal der mykje av vatnet er fråført. Bjørkeskog og blåberlyng pregar sidene mot elva.

Rådmannen påpeiker at det har negativ påverknad på landskap og omsynet til naturmangfaldet ved å gjera ei stor endring på minste og største slukeevne i Ekkjestølen kraftverk slik det er søkt om. Omsøkt løysing vil gje mindre vatn i dalen frå inntaket til kraftverket og ned til kraftstasjonen. Det vil framleis vera minstevassføring og overløp på dagar med høg vassføring.

Fisk:

Årstemperaturen for Halvfjerdingsvatnet er 0,8 grader. Auren som lever i Halvfjerdingsvatnet nyttar truleg utløpet til vatnet til gyteområde. Utbygging av dam vil vera negativt for gyting.

Ved endring av største og minste slukeevne vil det bli mindre vassføring i elva nedstrøms Ekkjeskartjørna. Det vil føra til noko reduserte flaumtoppar og færre dagar med overløp.

Rådmannen ynskjer at det vert gjort tiltak for å forbetra gytetilhøve for aure når det vert bygd ein dam i Halvfjerdingsvatnet der dagens gytetilhøve er.

Opprydding og revegetering:

Rådmannen ynskjer at alle mellombelse inngrep skal revegeterast. Ved tilbakeføring av areal skal det leggjast vekt på å gje arealet eit naturleg preg. Skjeringar og andre inngrep skal utførast slik at dei kan skjulast og/eller tilbakeførast i ettertid. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår til at NVE gir Småkraft AS løyve til regulering av Halvfjerdingsvatnet og endring av slukeevne i Ekkjestølen kraftverk.